RYFYLKE IKS

Innkalling til styremøte i ungdomsstyret i Ryfylke

Kven blir kalla inn: Medlemmene i Ungdomsstyret i Ryfylke
Tid: Måndag 2. november 2026 kl.17:00-19:00
Stad: Teams

RYFYLKE Ein attraktiv region der folk vil bu og arbeide

Innkallinga går til:

Medlemmer i Ungdomsstyret i Ryfylke
Malena Løland / Sauda kommune
Renate Åsland Hagen / Suldal kommune
Guro Søraas Vasshus / Suldal kommune
Nikolai Wollum / Strand kommune
Ylva Schmidt Tjøstheim / Strand kommune
Tiril Espedal / Sandnes kommune
Sigrid Fossan Medalen / Sandnes kommune
Peder Krokedal / Hjelmeland kommune
Kidane Tesfamichael Sibhatteab / Hjelmeland kommune

Med kopi til:

Varamedlemmer i Ungdomsstyret i Ryfylke
Hanna Ramstad Eikevik / Sauda kommune
Nora Margrethe Halgunseth / Suldal kommune
Elias Gundersen / Suldal kommune
Ruben Lund / Strand kommune
Brede Krogedal / Sandnes kommune
Martin Midtbø / Sadnes kommune
Sara Apeland Breiland / Hjelmeland kommune

Kommunane i Ryfylke
Suldal kommune
Sauda kommune
Hjelmeland kommune
Strand kommune
Sandnes kommune

Ungdomsråda i Ryfylke
Suldal ungdomsråd
Sauda ungdomsråd
Hjelmeland ungdomsråd
Strand ungdomsråd
Sandnes barn og unges kommunestyre

Ryfylkerådet
Leiar av Ryfylkerådet

RYFYLKE IKS

Saksliste

Sak 24/26	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 07.09.26	4
Sak 25/26	RyRekrutt 2027: Status og vidare planlegging	4
Sak 26/26	Aktuelle saker på fylkesnivå	5
Sak 27/26	Gratis U-23 billett i Ryfylke	7
Sak 28/26	Søknad til Rogaland Sparebank – «Første jobb heime»	7
Sak 29/26	Kommunikasjon og synleggjering av Ungdomsstyret	8
Sak 30/26	Eventuelt orientering	9

Sak 24/26 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 07.09.26

Møteboka frå møtet 07.09.26 ligg ved.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 07.09.2026, innkalling og saksliste.

Sak 25/26 RyRekrutt 2027: Status og vidare planlegging

Bakgrunn
RyRekrutt 2027 blir arrangert på Fiskepiren i Stavanger 22. mars. Ungdomsstyret har ei sentral rolle i å utvikla arrangementet, slik at det blir ein sosial og attraktiv møteplass mellom ungdom frå Ryfylke og næringslivet.
Me gir først ein kort status på planlegginga, før ungdomsstyret diskuterer korleis me kan vidareutvikla arrangementet.

Orientering:

- Status for artist og konsert
- Konsertarena og bruk av lokala
- Hotellovernatting
- Status for bedrifter og påmelding

Til diskusjon og avklaring:
Program og gjennomføring

- Korleis kan me gjera arrangementet endå meir sosialt og uformelt?
- Kan me bryta opp det tradisjonelle formatet med stand og mingling?
- Korleis skal me utforma minglesona?
- Skal me bruka «challenge cards» eller andre aktivitetar for å få folk i prat?
- Ønskjer me konkurransar og premiar?

Mat og praktiske løysingar

- Kva slags mat ønskjer ungdommane?
- Når bør maten serverast? Skal han vera tilgjengeleg gjennom heile arrangementet?
- Skal me engasjera fotograf og/eller videograf? Kva ønskjer me å dokumentera?

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret tek orienteringa om RyRekrutt 2027 til vitande. Innspela frå diskusjonen blir lagde til grunn for det vidare planleggingsarbeidet. Ungdomsstyret sluttar seg til følgjande prioriteringar og avklaringar: (blir konkretisert i møtet).

Sak 26/26 Aktuelle saker på fylkesnivå

Bakgrunn

Ungdomsstyret skal vera ei stemme for ungdom i Ryfylke, også i saker som blir avgjorde på fylkesnivå.
Kva saker meiner ungdomsstyret det er viktig å engasjera seg i framover?

Årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 Fylkesutvalet (november) og fylkestinget (desember)	**Kvifor det gjeld ungdom i Ryfylke?** Budsjettet avgjer pengar til blant anna båt- og bussruter, vidaregåande skular, skuleskyss og tannhelse. Rogaland fylkeskommune: økonomiplan og årsbudsjett

Nytt hurtigbåt- og ferjetilbod i Ryfylkebassenget frå 2030 Kolumbus / samferdselsutvalet og fylkestinget	**Kvifor det gjeld ungdom i Ryfylke** Kontraktane for hurtigbåt og ferje i Ryfylkebassenget går ut innan 2030, og Kolumbus ventar å lysa ut nytt anbod i 2027/2028. I september vart det kjent at Kolumbus vurderer at båten skal snu på Jelsa, og at buss via Judaberg skal erstatta båt. Fylkesdirektøren går imot å byta båt med buss frå Judaberg, men vil heller tilrå ein redusert versjon av dagens hurtigbåtruter. For elevar som pendlar til vidaregåande og ungdom som reiser til fritid i Stavanger, er dette den største enkeltsaka på fylkesnivå.

Skolebruksplan 2026 – elevplassar og skulebygg Opplæringsutvalet og fylkestinget	**Kvifor det gjeld ungdom i Ryfylke** Fylkesdirektøren legg kvart år fram skolebruksplanen i desember. Planen frå 2025 bad om ei analyse av moglege innsparingar som skulle vera klar våren 2026. Små skular og avdelingar, som Sauda vgs avdeling Sand og tilbod ved Strand vgs, er sårbare når elevtala i indre Ryfylke går ned.

Nytt Ungdommens fylkesråd for 2027 Fylkestinget (desember)	**Kvifor det gjeld ungdom i Ryfylke** UFR er ungdommens offisielle høyringsorgan, og saker av interesse for ungdom skal sendast dit i god tid før endeleg vedtak. Reglementet seier at Ryfylke skal ha minst eitt medlem. Kven som sit der neste år avgjer kor godt Ryfylke-saker blir løfta.

Til diskusjon:

- Kva fylkeskommunale saker er særleg viktige for ungdom i Ryfylke?
- Er det saker ungdomsstyret ønskjer å engasjera seg i?
- Korleis kan ungdomsstyret få større påverknad i saker som gjeld ungdom i regionen?

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret drøftar aktuelle saker på fylkesnivå og prioriterer kva saker dei ønskjer å arbeida vidare med. (Saker og ansvarlege blir konkretiserte i møtet.)

Sak 27/26 Gratis U-23 billett i Ryfylke

Bakgrunn
Ungdomsstyret har tidlegare uttalt at ordninga med gratis U23-billett har vore eit viktig tiltak for ungdom i Ryfylke. Finansieringa frå Ryfylkefondet gjeld ut 2026, og det skal takast stilling til om ordninga skal evaluerast.
Ungdomsstyret har tidlegare signalisert at dei ønskjer å engasjera seg i denne saka.

Til diskusjon:

- Kva meiner ungdomsstyret om ordninga?
- Kor viktig er gratis kollektivtransport for ungdom i Ryfylke?
- Ønskjer ungdomsstyret å skriva eit brev til Ryfylkerådet med sine synspunkt?
- Kva bør i så fall vera hovudbodskapen, og kven skal utarbeida brevet?

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret ønskjer å gi innspel til den vidare behandlinga av U23-ordninga i Ryfylke. Ungdomsstyret tek stilling til om det skal utarbeidast eit brev til Ryfylkerådet. Ved eventuell tilslutning får arbeidsgruppa ansvar for å utarbeida eit utkast som blir lagt fram for ungdomsstyret til godkjenning.

Sak 28/26 Søknad til Rogaland Sparebank – «Første jobb heime»

Bakgrunn
Ryfylke IKS ønskjer å søkje Rogaland Sparebank om 80 000 kroner til å utvikla ei SMS-varslingsteneste i Heim te Ryfylke. Løysinga skal kopla unge jobbsøkjarar med ledige sommarjobbar i regionen, og automatisk varsla dei når relevante jobbar blir lyste ut.

Målet er: Fleire unge skal få kjennskap til sommarjobbane som finst heime i Ryfylke, og fleire arbeidsgivarar skal få søkjarar til jobbane sine.

Kort om søknaden
Prosjektet skal gi unge i Ryfylke beskjed på SMS når det kjem nye sommarjobbar, og ei påminning før søknadsfristen per sms. (Dei må sjølvsagt velge å sette opp varsel, kategori og kommune først)
Det blir søkt om om lag 80 000 kr til teknisk utvikling. Ryfylke IKS dekkjer eigeninnsatsen gjennom eksisterande drift.
Søknadsfrist: 13.11.2026

Ungdomsstyret si rolle
Ungdomsstyret er tenkt som medsøkjar. Me ønskjer at Ungdomsstyret:

- Står oppført som medsøkjar
- Skriv ei kort støtteerklæring og eitt avsnitt med eigne ord om kvifor dette er viktig for unge i Ryfylke.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret tek orienteringa til vitande og stiller seg bak søknaden til Rogaland Sparebank om «SMS-varslingsteneste" som medsøkjar. Ungdomsstyret skriv ei støtteerklæring som blir lagd ved søknaden.

Sak 29/26 Kommunikasjon og synleggjering av Ungdomsstyret

Bakgrunn
Ungdomsstyret skal vera ei tydeleg stemme for ungdom i Ryfylke. For å få fleire unge til å kjenna til ungdomsstyret og arbeidet deira, ønskjer me å arbeida meir aktivt med kommunikasjon.
Me ønskjer mellom anna bilete av medlemmane og laga korte filmar som kan brukast i sosiale medium.

Til diskusjon:

- Korleis ønskjer ungdomsstyret å presentera seg?
- Skal me laga ein kort presentasjonsfilm av ungdomsstyret?
- Ønskjer medlemmane å bidra med eigne bilete og korte videosnuttar?
- Kva saker og tema bør ungdomsstyret kommunisera om?
- Korleis kan me nå ungdom i alle Ryfylkekommunane?

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret ønskjer å arbeida for auka synlegheit og kjennskap til ungdomsstyret i Ryfylke. Ryfylke IKS får ansvar for å koordinera arbeidet med bilete, film og kommunikasjon i samarbeid med medlemmane. Deltaking i bilete og film blir avklart med den enkelte.

Sak 30/26 Eventuelt orientering

Medlemmane kan melda inn andre saker dei ønskjer å ta opp.

Framlegg til vedtak:

Eventuelle saker og vidare oppfølging blir protokollførte.

Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.